



KYSTVERKET

Vest

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:
20/1128-20/36443

Vår ref.:
2019/2066-6

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Turid Susort Jansen

Dato:
26.08.2020


Fråsegn til reguleringsplan for Framo Flatøy AS - Alver kommune- Vestlandfylke

Syner til brev av 19.6.2020 vedkomne ovannemnde.

Syner og til vår uttale datert 14.6.2019 til oppstart av arbeidet med reguleringsplanen.

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for utviding av næringsområdet Framo Flatøy. Det er planlagt utfylling i sjø og ny eksportkai i Nordra Krossnesvika.

I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet.



Planområdet kjem ut i arealet til farleia «Flatøyosen» vist med grøn skravur i bilda ovanfor. Arealet som er avsett til farleia er utvida i Nordra Krossvika for å gi plass for møtande skipstrafikk som må passere kvarande enten sør eller nord for Gudmundsholmen. Tiltaket med utfylling i sjø og ny kai kan virke på tryggleiken og ferdsla for skipstrafikken.

Skipstrafikken i Flatøyosen er dominert av mindre fartøy (under 50 meter i lengd), men det går fartøy i lengdegruppa 100-150 meter gjennom sundet.

Regionkontor Vest

Sentral postadresse:

Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Sett ut frå skipstrafikken i det aktuelle området har Kystverket vurdert at det er tilstrekkelig areal for møtande skipstrafikk ved Nordra Krossnesvika, sjølv med ein liten innsnevring av farleia i Nordra Krossvika.

Kystverket vil minne om at bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan virke på tryggleiken og framkoma i farvatnet, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, og må handsamast etter havne- og farvannslova.

Med helsing

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:
BERGEN OG OMLAND FARVANNSFORVALTNING IKS

Postboks 6040 5892 BERGEN